
Referat – Heddal IL Fotball, Sportsleg Utval

Møtenummer 21-3
Dato 07 september 2021
Tidspunkt 19:00 – 21:00
Sted Peisestua
Planlagte deltakrar:

Øyvind Lia, *Sportsleg leiar, trener G16*

Hans Jørgen Aase, *Trenerkordinator,
spelarutviklar, Trener G19*

~~Vegard Lia, *Aktiv senior*~~

~~Olav Andre Listul, *footballfagleg ressurs*~~

~~Eirik Thorstensen, *trener G12-13*~~

Martha Valstad Holla, *trener J9*

Sak 1.1 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Saksansvarleg ØL

- Godkjenning av innkalling og dagsorden
- Saker til eventuelt

Forslag til vedtak

Innkalling og dagsorden godkjent.

Sak 2.1

Saksansvarleg ØL

Status hovedprioritering og fadderoppgåve.

«Vår viktigste oppgave blir å jobbe med å innfri det viktigaste målet i sportsplanen som er minimum 1 guttelag og 1 jentelag på alle nivå frå 6 årsklassa til senior».

Vi har lag som sliter med få spillere, og vi har lag med store nivåutfordringer, korleis kan me betre strukturen med laga denne hausten for å auke kvaliteten i trening/kamp, og samtidig sørge for å beholde flest mulig, lengst mulig og best mulig. Kva kan SU bidra med?

Forslag til vedtak

Så tidlig som mulig i 2022, seinast innan februar skal medlemmane i sportsleg utaval ha lagslister med spelarnavn og trenerteam for sine fadderlag slik at oppmelding av lag, bestilling av utstyr og komplettering av trenerteam kan være på plass i god tid før seriestart.

Haut 2021 vil følgande støtte bli prioritert til våre aldersbestemte lag:

G8/G9 – J8/J9 Hans Jørgen og Martha innviterer trenerteam for å sjå på eit samarbeid mellom årsklassene.

G10/G11 Hans Jørgen tar initiativ til å innleie eit samarbeid på disse to gruppene.

G19 Ny lagleiar må på plass for å avlaste Hans Jørgen

Sak 3.0 Hans Jørgens Corner

Saksansvarleg HJ

- 3-1 Plan for Trenerforum del 2, haust.
- 3-2 Plan for Utviklingsøkter haust 2021
- 3-3 Plan for Keepertrening haust 2021

Forslag til vedtak

Vedtak under er satt ift sportsleg utvals hovedprioritering for 2021

3-1 Det blir ikkje prioritert trenerforum del 2 haust i 2021. Trenerforum skal i 2022 gjennomføres før seriestart våsesong, og i slutten av august.

3-2 Ut 2021 sesongen vil trenerkordinator i samråd med sportsleg utval gjere nokre prioriteringar på enkelte lag som me meiner har mest behov for støtte. Til sesongen 2022 er det ønskeleg å ha meir stabile trenerteam og spelargrupper på dei fleste aldersgrupper som gjer at trenerkordinator i større grad kan ha ein betre totaloversikt og være innoom alle lag både vår og haust.

3-3 Det har blitt gjennomført 3 keepersamlinger i Heddal i 2021, det vil ikkje bli prioritert fleire samlingar utover haustsesongen. Plan for Keepersamlinger i 2022 skal være på plass innan april 2022.

Sak 4.0 Seniorfotball i Heddal

Saksansvarleg: ØL

Breddeidretten har fått lide hardt under pandemien, men Senior herrer er godt i gang med haustsesongen, avtale med hovedtrener er signert (6 mnd) og oppmøte på trening er bra. I tillegg har me nettopp starta opp med senior damer.

- 4-1 Kontingent og treningsavgift for seniorlag 2021
- 4-2 Trenerteam herrer
- 4-3 trenerteam damer

Forslag til vedtak

4-1 Sportsleg utval foreslår for styret i fotballgruppa at senior herrer og senior damer kun melder seg inn og betaler medlemskontingent ut 2021. Dette for å sikre rekruttering til disse laga som har liggi brakk under heile pandemien

4-2 Jørn Heggekroken har fått midlertidig kontrakt ut februar 2022. Hovedtrener og legleiar for herrelaget sesongen 2022 skal være på plass innen februar 2022. Vegard Lia har fått i oppdrag å finne mulige kandidater til teamet rundt hovedtrener.

4-3 Andreas Susrud og Øyvind Lia skal jobbe med å finne kandidatar til denne nysatsninga når me har avholdt spelarmøte og fått oversikt på kor stor spelargruppe me har på damesida, samt kva ønsker dei har. Frist for å ha dette på plass er seinast februar 2022.

Sak 5.1 Eventuelt

Saksansvarleg ØL

Nytt møte i sportsleg utval planleggast på messenger da oppmøte denne gang var begrensa.
